



Kommunedelplan for Brokke

Arealplanrevisjon for Brokke –

Vedlegg 2 – Medverknadsprosess 15.12.2025

Vedteke i kommunestyret 29.01.2026, sak 6/26


INNHALD

1. gjennomført medverkned	2
1.1 Fokusgrupper - SAMTALAR MED UTVALDE MÅLGRUPPER	2
1.2 Kva meiner næringslivet?	3
1.3 Kva meiner UTBYGGJARANE?	3
1.4 KVA MEINER GRUNNEIGARANE?	3
1.5 KVA MEINER HYTTEVELFOREININGAN?	4
1.6 MedvErknAD med barn og unge	4
1.7 ope kontor – Valle kommunehus	5
1.8 Sauesjåmarknaden og ein dag på alpinanlegget	5
1.9 Generelle innspel.....	6

1. GJENNOMFØRT MEDVERKNED

Dette dokumentet gjev ei oversikt over dei medverknadstiltaka som så langt er gjennomførte, samt ei samanstilling av resultatane frå desse. Alle innspel er samla på kommunen si nettside.

Takk til alle som har delteke i medverknadsopplegga og kome med konstruktive tilbakemeldingar og gode innspel. Innspel har vore eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med arealplanrevisjonen.



1.1 FOKUSGRUPPER - SAMTALAR MED UTVALDE MÅLGRUPPER

Valle kommune gjennomførte saman med Trollvegg fokusgrupper med utbyggjarar, næringslivet og grunneigarar den 5. september i Valle kommunehus. I tillegg vart det halde eit digitalt møte med velforeininga den 8. september. Referat frå alle møta ligg på kommunen si nettside.

Fokusgrupper gjev verdifull kvalitativ innsikt gjennom strukturerte samtalar med utvalde grupper, og er særleg godt eigna i denne fasen av planprosessen. Dei gjer det mogleg å gå i djupna på viktige tema og fange opp nyansar, erfaringar og perspektiv som ofte uteblir i skriftlege høyringsinnspel eller på opne folkemøte. Sjølve metoden vart òg spelt inn av formannskapet som ei mogleg medverknadsform.

Fokuset i samtalane var korleis ein oppfattar dagens Brokke, og korleis Brokke skal sjå ut i framtida. Det vart òg gjeve informasjon om planprosessen, arealplanrevisjonen, vidare medverknad og framdrift. Dei planane som er valde ut for revisjon, vart viste fram og det vart henta inn innspel til desse. I møtet vart det presentert ti planar i tillegg til kommuneplanen. Planen for Furestøylområdet vart ikkje teken med i den vidare revisjonen, sidan han inngår i planen for Stigemyran, og går difor ut. Det er berre dei ni andre reguleringsplanane som er vurderte i arealplanrevisjonen.

Nedanfor er dei mest vanlege innspela samanfatta. Det kom fleire innspel som går på tvers av gruppene. Desse handlar om turstiar, skiløyper, merking av løyper, gang- og sykkelveggar, fleire

tilbod/næringsaktiviteta. Innspel som gjeld den enkelte reguleringsplan, er samanstilte under respektive plan. Nokre av desse innspela har òg kome inn via e-post i etterkant av medverknadsopplegga.

1.2 KVA MEINER NÆRINGSLIVET?

Næringslivet meiner det er positivt med konsentrert utbygging, og at ein bør arbeide vidare med turvegar og løypenett. Det er behov for gang- og sykkelveg langs Brokke–Suleskardvegen. Samstundes er det uttrykt uro og usikkerheit for at utviklinga stoppar opp, noko som skaper mindre arbeid og aktivitet, og påverkar busetjinga i bygda.

Næringslivet peikar på at Brokke i dag har eit relativt lite utbyggingsområde samanlikna med andre hytteområde. Ein bør skjerme dei som ikkje ønskjer å ta del i utviklinga, til dømes enkelte grunneigarar, samstundes som ein legg til rette for at området skal kunne brukast av alle. Det er viktig å ta vare på naturmangfaldet, men òg leggje til rette for utbygging og aktivitet knytt til dette.

Det blir sett på som positivt med fortetting, og næringslivet meiner det trengst eit større grunnlag for å oppretthalde lønsemd. Dei ønskjer at Brokke skal vere ein stad for både innbyggjarar og hytteeigarar. Godt samarbeid og meir konstruktivt arbeid mellom aktørane blir peikt på som avgjerande.

1.3 KVA MEINER UTBYGGJARANE?

Utbyggjarane meiner at infrastruktur, vegar, massar, myr og naturkvalitetar må vurderast i kvar enkelt plan. Alpinanlegget fungerer godt i dag, og skiløypene styrer ferdsel og aktivitet på ein god måte. Det er positivt at butikkane fungerer bra, både for fastbuande og besøkande. Dei meiner ein bør satse på nye metodar i samband med hyttebygging, og at kanalisering av ferdsel gjennom området er viktig for å unngå konflikhtar. Det er òg viktig at næring og lokalsamfunn spelar på lag, og at ein vernar om dei som ikkje ønskjer å delta i utviklinga.

Utbyggjarane peikar på behovet for godt samarbeid, gode planar for framtida, omsyn til villrein og bruk av eit solid beslutningsgrunnlag. Dei stiller òg spørsmål ved kvifor det ikkje blir gjennomført arealplanrevisjon for heile kommunen, og meiner ein må sjå heile hytteutbygginga i Valle i samanheng.

1.4 KVA MEINER GRUNNEIGARANE?

Grunneigarane er opptekne av besøksforvalting, ferdsel og informasjon utad. Ei utfordring er at ut.no viser folk trasear som går gjennom til dømes verneområde, noko som fører til uønskt aktivitet som følgje av hytteutbygging og auka ferdsel.

Ein må ta omsyn til jernutvinning, historie og kulturlandskap i området. Når det gjeld sti- og løypeplan, blir det peikt på at det er viktig å planleggje stiar i området, og vurdere alternative trasear til vegar i planane. Grunneigarar ved Hovdevatn ønskjer ikkje løyper i det området.

Området «innanfor» Brokkeområdet bør vernast og ikkje byggjast ut (utbygging aust for Løefjædd). Ein ønskjer ikkje «Hovdentilstandar». Andre tema som vart nemnde er beitebruksplan, utmarkstilsyn og revisjon av sti- og løypeplanen. Enkelte grunneigarar ønskjer ikkje at


eigedomen deira skal regulerast, og vil at eigedomen ikkje skal inngå i verken kommunedelplanen eller kommuneplanen.

1.5 KVA MEINER HYTTEVELFOREININGAN?

Hyttevelforeiningane er opptekne av samanhengande langrennsløyper og å finne alternative trasear, særleg når nye hyttefelt blir utbygde. Dei peikar på behov for betre kapasitet på løypene, ønskjer å bevare Brokke som ei fjellgrend, få på plass fleire varme senger, ha fokus på mjuke trafikantar og næringsutvikling, og samstundes handtere natur og villrein på ein berekraftig måte.

Dei meiner at ein ikkje bør endre dagens skiløypetraséar. Det noverande alpinanlegget fungerer godt, også som heilårsdestinasjon. Det er viktig at utviklinga ikkje berre handlar om hytteutbygging, men òg om næring og god infrastruktur. Dei er òg opptekne av at ein ikkje bør flate ut og sprengje tomter ved utbygging.

1.6 MEDVERKNAD MED BARN OG UNGE



Det vart gjennomført eit medverknadsopplegg med elevrådet ved Valle skule og med ungdomsrådet den 15. september. Dei fekk også skrive eit brev til framtida med temaet: Korleis drøymer du at Brokke skal vere når du blir vaksen? Kva er viktig for deg? Målet var å få fram barna sine eigne tankar om kva som er viktig for dei i kvardagen.

I tillegg vart det gjennomført samtalar om kva som er viktig for barn – både i dag og i framtida. Barna fekk også grunnleggjande informasjon om planprosessen, inkludert kva kommuneplan og kommunedelplan er, og kva betyding desse har for dei som bur og lever i kommunen – med særleg vekt på barn og unge sitt perspektiv.

Innspela vil ikkje berre inngå i arbeidet med kommunedelplanen for Brokke, men også nyttast som generelle bidrag til kommuneplanen sin samfunnsdel, som vert utarbeidd parallelt.

Figur 1 Elevane frå elevrådet viser kva som er bra med Valle. (Trollvegg)

Elevrådet (4. til 10. klasse) nemner mellom anna alpinanlegget og naturen som positivt i Brokke og Valle. Dei ønskjer at ein tek vare på naturen, men seier samtidig at dei ønskjer fleire hytter

sidan dette gjev inntekt til kommunen. Dei ser gjerne ei vidareutvikling av alpinanlegget, med større slalåmbakke og hoppbakkar. Dei er einige om at Valle ikkje må bli øydelagd.



Figur 2 Ungdomsrådet, Valle kommune (Trollvegg)

1.7 OPE KONTOR – VALLE KOMMUNEHUS

Det vart den 15. september halde ope kontor mellom kl. 13–19 på Valle kommunehus, med representantar frå Trollvegg og kommunen. Totalt kom 5 personar innom (2 utbyggjarar, 2 innbyggjarar, 1 næringsdrivande).

Nokre opplever at prosessen med revisjon av arealplanen har vorte dårleg kommunisert, utydeleg og prega av manglande avklaringar om kva som ligg til grunn for vurderingar og prioriteringar, noko som skaper uvisse både for innbyggjarar og utbyggjarar. Arbeidet med arealplanrevisjonen har ført til at utvikling i fleire område er sett på vent, og det er uttrykt bekymring for både praktiske forhold som myr og infrastruktur, og for at kommunen i praksis verkar å ha innført eit byggeforbod i Brokke. Samstundes vert det peikt på manglande tilbod for barn, gang- og sykkelveg, og for store naturinngrep når ein byggjer hytter.

1.8 SAUESJÅMARKNADEN OG EIN DAG PÅ ALPINANLEGGET

Det vart òg halde medverknadsopplegg i form av stand på Sauesjømarknaden den 27. september, og på alpinanlegget den 4. oktober i haustferien. Det vart gitt informasjon om planprosessen og arbeidet med arealplanrevisjon og kommunedelplanen. Det vart òg tilpassa oppgåver for barn. Folk fekk høve til å prate med representantar frå kommunen, samt kome med innspel til dagens Brokke.

Innspela som kom inn, handlar mellom anna om trafikksituasjonen og sikkerheit, fleire butikkar, funksjonar/aktivitet for barn og ungdom, ope trekk til Kvisletoppen, løypetrasear: føreseielegheit og løypeplan, ingen ljøs i ballbingen om natta, behov for meir parkering, fokus på fortetting av

eksisterande hyttefelt heller enn nye område, utvikling av alpinanlegget, fleire aktivitetar som badebasseng, treningsrom, badstove og sykkelbane. Det kom òg inn innspel om at ein ikkje ønskjer å endre på vedtekne reguleringsplanar for å oppretthalde føreseielegheit. Nokre nemner at fleire bør bidra til vedlikehaldskostnader på vegar som følgje av turisttrafikk, til dømes utbyggjarar og kommunen. Det kom fleire innspel på løypenett: Hovdevatn–Finnbudalen og Bjørnevatn–Evardalen, rundløyper Kvisle–Myklevatn (ikkje tur/retur), Uppstad–Brokke vert etterlyst.

Sjå samtlige innspel på kommunens nettside.




Figur 3 Medverknad på alpinanlegget. (Valle kommune)

1.9 GENERELLE INNSPEL

Det har kome inn nokre innspel til kommunen i etterkant av medverknadsprosessane. Nokre av desse er av generell karakter og kan ikkje knytast til ein spesifikk plan. Innspela er lista opp nedanfor. Mange av innspela vil bli vurderte i det vidare arbeidet med kommunedelplanen, og ikkje i samband med arealplanrevisjonen. Dette gjeld til dømes trafikktryggleik i området og ønskemål om nye tiltak for mjuke trafikantar. Alle innspel er tilgjengelege på kommunens nettside.

Vedlagt er posisjoner frå 21 gjetargutar i beitesesongen 2025. Ein får eit inntrykk av kva område sauene føretrekk, sjølv om det er under ein tredjepart av dei vaksne dyra som ha sendar. Dekningskart er og vedlagt, merk at områda rundt Hovdevatn og Bjørnevatn har dårleg dekning, difor er det grunn til å tru at desse områda er mykje meir brukt enn det som kjem fram av posisjonane. Ein ber om at beiteområda blir tatt ut av planområdet.



Beitenæring og landbruket må takast omsyn til, i alle planer som er beiteprioriterer område så må utbygger tilrettelegge for eventuelle ulemper som dei brukarane i det området får. Og det kan vere oppsetting gjerde/ samleleve/tilkomst eller tekniske hjelpemiddel. Gjerderettleiar må også ligge inne i denne planen, det er også viktig at i plankartet må der teiknast inn dersom hytteeigar har lov til og settje opp gjerde på tomte vist ein skal tillate det. Turløyper bør ledast vekk frå beiteområde og ikkje inn og sykkel løyper. Planvask i Brokke området bør absolutt gjerast. Så bør det leggst ei føring korleis ein opparbeider tomter tillate minst muleg opparbeiding og mest muleg natur tomt.

Beitedyr er ein del av naturmangfaldet. Naturmangfaldslova § 11 slår fast at tiltakshavar skal dekke kostnadane med å hindre eller avgrense skader på naturmangfaldet. Me meiner det difor bør presiserast i kommunedelplanen at tiltakshavar i den enkelte reguleringsplan må dekke kostnadar som fysisk gjerde, nofence, monil osv. Me understrekar nok ein gong at det må inn i framtidige reguleringsplanar at beitedyr må akseptast i området. Vidare minner me om føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfaldslova; Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vi ønskjer å rette ein sterk oppmoding til kommunen om å etablere ei trygg sykkelveg langs Suleskarvegen, særleg på strekninga mellom hyttefelta Sitåsen, Øvre Sitåsen og Vardefjodd, og området ved ballbingen og skibakken. I sommarhalvåret ferdes svært mange barn og unge til fots og på sykkel mellom hytteområda og ballbingen, som er eit naturleg samlingspunkt for lek og aktivitet. Dette inneber kryssing og bruk av Suleskarvegen – ein veg som på same tid har stor trafikkbelastning, inkludert tungtrafikk og turisme-relatert køyretrafikk. Dette utgjør ein betydeleg trafikksekkkerheitsrisiko. Vegen er smal og uoversiktleg enkelte stader, og det finst verken gang- eller sykkelveg. Mange av barna som ferdes her er i barneskulealder, og det er heilt reelt å omtale situasjonen som livsfarlig. Det skal ikkje meir enn ein liten ulykke til før det kan få svært alvorlege konsekvensar. Vi ber difor kommunen vurdere: Etablering av gang- og/eller sykkelveg langs den mest utsette strekninga av Suleskarvegen; mellombelse trafikksekkkrings-tiltak i høgsesongen, som fartsdempande tiltak, varselskilt eller nedsatt fartsgrense; og ein overordna plan for trygg ferdsel mellom hytteområda og aktivitetssonene som ballbingen og skibakken. Dette tiltaket vil ikkje berre ivareta sekkkerheita for dei mange barna og familiane som brukar området aktivt, men også fremje sykling og fysisk aktivitet i tråd med kommunens mål om folkehelse og berekraftig transport. Vi håper kommunen ser alvorret i saka og imøtekjem ønsket om ein tryggare ferdselsåre for alle som ferdes i området.

AREALPLANREVISJON FOR BROKKE



Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
